

# Møteprotokoll

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Lunde turiststasjon  
**Dato:** 29.06.2015  
**Tidspunkt:** 09:30 - 15:15

---

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Kvalen	Leiar
Sven Flo	Nestleiar
Einar Målsnes	Medlem
Gunnvor A. Sunde	Medlem
Oddmund Klakegg	Medlem
Eline Orheim	Medlem
Turid Vallestad	Vara for Olve Grotle

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem
Olve Grotle	Medlem

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria C. Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar/sekretær
Christian E. Pettersen	Nasjonalparkforvaltar/sekretær
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn Jostedalsbreen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 14/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 16/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å nytte motorkøyretøy til Bødalsseter		2015/2381
ST 17/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om godkjenning av utført arbeid på sel på Ruteflotsetra		2015/2384
ST 18/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å skifte tak på sel på Ruteflotsetra		2015/2383
ST 19/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - framlegg til avtale om oppgradering og vedlikehald av stien opp Lundeskaret		2015/2382
DS 1/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til motorisert ferdsel i Brenndalen		2015/688
DS 2/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til helikoptertransport til Ruteflotsetra og Framsetra		2015/1114
RS 2/15	Orienteringar		
RS 3/15	Revidering av forvaltningsplanen - gjennomgang og diskusjon av førsteutkast til kapitel om motorferdsel		

**ST 14/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2015**

**Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

## **ST 15/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2015**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Eline Orheim og Einar Målsnes til å underskrive protokollen.

#### **Vedtak**

Eline Orheim og Einar Målsnes vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Møteleiar Ivar Kvalen må også skrive under.

Samrøystes vedteke.

## **ST 16/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å nytte motorkøyretøy til Bødalsseter**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2015**

#### **Innstilling frå forvaltaren**

Søknaden om å nytte motorkøyretøy til Bødalsseter, med heimel i naturmangfaldlova § 48, vert avslått.

#### **Handsaming i møte**

Nasjonalparkforvaltaren informerte i møtet om at køyretøyet det dreier seg om er ein motorsykkel.

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

#### **Vedtak**

Søknaden om å nytte motorkøyretøy til Bødalsseter, med heimel i naturmangfaldlova § 48, vert avslått.

## **ST 17/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om godkjenning av utført arbeid på sel på Ruteflotsetra**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2015**

#### **Innstilling frå forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under, for:

- Oppføring av dobbeltfalsa panel på veggene, og legging av ståltak med kantete profil

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Behandla trevirke, papp og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.

#### **Handsaming i møte**

Styret spelte inn at det burde stillast vilkår om at bølgeblekk med runde former vert nytta neste gang selet/taket skal vølast. Dette for å ivareta den tradisjonelle byggjeskikken på staden på sikt, samt å begrense faren for presedens.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under, for:

- Oppføring av dobbeltfalsa panel på veggene, og legging av ståltak med kantete profil

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Behandla trevirke, papp og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.
- Neste gang selet/taket skal vølast må det nyttast bølgeblekk med runde former.

## **ST 18/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å skifte tak på sel på Ruteflotsetra**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2015**

#### **Innstilling frå forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under for:

- Legging av ståltak med kantete profil på taket på sel på Ruteflotsetra

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Behandla trevirke, papp og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.

#### **Handsaming i møte**

Nasjonalparkforvaltaren informerte om at taket det søkjast om å sette på plass allereie er kjøpt inn og frakta opp til setra.

Styret spelte inn at det burde stillast vilkår om at bølgeblekk med runde former vert nytta neste gang selet/taket skal vølast. Dette for å ivareta den tradisjonelle byggjeskikken på staden på sikt, samt å begrense faren for presedens.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under for:

- Legging av ståltak med kantete profil på taket på sel på Ruteflotsetra

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Behandla trevirke, papp og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.
- Neste gang selet/taket skal vølast må det nyttast bølgeblekk med runde former.

## **ST 19/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - framlegg til avtale om oppgradering og vedlikehald av stien opp Lundeskaret**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2015**

#### **Innstilling frå forvaltaren**

Nasjonalparkstyret inngår den vedlagte avtalen om oppgradering og vedlikehald av stien opp Lundeskaret.

#### **Handsaming i møte**

Styret meinte at det var naudsynt med nokre endringar av avtaleteksten. Desse er som følgjer:

- Punkt 1: «Fjerning av gammal, utdatert wire, gamle staur og anna infrastruktur som ikkje lenger er i sikker bruk» endrast til «Fjerning av gammal, utdatert wire, gamle staur og anna infrastruktur som ikkje lenger er sikker i bruk».
- Punkt 2: «Montering av ny wire og stadvis nye boltar for trygg ferdsle» endrast til «Montering av ny wire og stadvis nye boltar der det er føremålstenleg».
- Punkt 9: «I ein periode på 5 år, og som kan fornyast, skal nasjonalparkstyret kvar vår syte for at stien vert inspisert for skade som følgje av snø, is, vatn, steinsprang, snø- og jordras. Ved påvist behov for utbetring vert dette sett i verk om det vert tildelt midlar» endrast til «I ein periode på 5 år, og som kan fornyast, skal nasjonalparkstyret ein gang kvar vår syte for at stien vert inspisert for skade som følgje av snø, is, vatn, steinsprang, snø- og jordras. Ved påvist behov for utbetring vert dette sett i verk om det vert tildelt midlar».

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret inngår den vedlagte avtalen om oppgradering og vedlikehald av stien opp Lundeskaret med endringane ovanfor.

**DS 1/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til motorisert ferdsel i  
Brenndalen**

**DS 2/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til helikoptertransport til  
Ruteflotsetra og Framsetra**

## **RS 2/15 Orienteringar**

### **Bemanningssituasjonen**

Styret vart orientert om bemanningssituasjonen i perioden juni-september.

### **SognaVert**

Sist veke var nasjonalparkforvaltar Maria C. Knagenhjelm, i lag med forvaltaren for Breheimen, på SognaVert og fortalte om naturverdiar, landskap og verneområde i Indre Sogn for dei tilsette i reiselivsnæringa. Dette er eit viktig kompetansehevande tiltak for å spreie informasjon til besøkande i området. Sekretariatet deltok på arrangementet i fjor også.

### **Forvaltarsamling**

Verneområde- og nasjonalparkforvaltarane frå Breheimen, Folgefonna, Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen, Nærøyfjorden og Stølsheimen, Jostedalsbreen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var samla i Sandane for ei utveksling av erfaringar og kunnskap. Det vart arrangert synfaring til m.a. Traudalen og Langedalen der vi fikk sjå interessante støls- og naustmiljø, og diverse tilretteleggingstiltak. SNO for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen var også med.

### **NCE Tourism - Fjord Norway**

Nasjonalparkforvaltar Christian E. Pettersen deltok på møte med NCE Tourism - Fjord Norway og Norsk Bremuseum i Fjærland 15. juni. Temaet for møtet var styrking av turismen i breområda i fylket. Nasjonalparkforvaltaren orientere om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og forvaltninga av nasjonalparken.

### **Ekstra tiltaksmidlar**

Nasjonalparkforvaltaren skal sende søknad til Miljødirektoratet om ekstra tiltaksmidlar for inneverande år. Årsaken er behovet for å sette i stand sperregjerde, og diverse bruar og stiar som har blitt heilt eller delvis øydelagt i løpet av vinteren.

### **Nye sperregjerde**

Fleire av sperregjerda framfor Briksdalsbreen vart seint i vinter skada og øydelagde på grunn av vær og vind. Briksdalsbreen Fjellstove og Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjekk saman i eit spleiselag og betalte kvar sin halvpart av kostnaden for å kjøpe inn nye gjerde.

Det bør leggjast ein plan for når gjerda skal takast inn for vinteren. I vintersesongen bør det heller setjast opp sperrekjetting.

### **Nasjonalparkkonferansen 2015**

Frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre deltok Ivar Kvalen, Gunnvor Sunde, Einar Målsnes og nasjonalparkforvaltar Christian E. Pettersen. Hovudtema for konferansen var lansering av merkevarestrategi og strategi for besøksforvaltning.

### **Interaktiv presentasjon om nasjonalparkane i Noreg**

Miljødirektoratet held på med eit prosjekt der det skal lagast ein interaktiv installasjon med presentasjonar av alle Noregs nasjonalparkar som skal settast opp på alle nasjonalparksentra i landet. Nasjonalparkforvaltarane og Anne Rudsengen frå Statens naturoppsyn Jostedalsbreen har saman med dei tre nasjonalparksentra bidrege i arbeidet med presentasjonen av Jostedalsbreen.

### **Turistforeiningshytte Sunndalssetra**

I samband med planane om ny turistforeiningshytte på Sunndalssetra planlegg forvaltaren ein synfaring på staden. Planen er å invitere lokalt SNO, Stryn kommune, Kulturavdelinga ved Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, Sunndalssetra sameige og DNT Oslo og omegn.

### **Sikringshytte ved Skålatårnet**

Styret vart orientert om siste nytt. Ny søknad er venta i september.

### **Tilskot til Breturkartet for 2015**

Nasjonalparkforvaltaren orienterte om Breturkartet og søknaden om tilskot til årets utgåve. Breturkartet inneheld m.a. informasjon om nasjonalparken og om forvaltning og oppsyn. Som informasjonstiltak kan kartet støttast med midlar frå driftsbudsjettet.

### **Tiltaksplanen**

Nasjonalparkforvaltaren orienterte om status for prosjekta i tiltaksplanen.

### **Brefareskilt**

Anne Rudsengen (SNO) fortalte om dei nye brefareskilta og om utplasseringa av dei.

### **Brot på vilkåra i løyve**

Styret vart orientert om at det hadde skjedd eit brot på vilkåra i eit helikopterløyve i nasjonalparken. Styret bestemte seg for å melde saka til politiet for rettsleg vurdering.

### **Møteplan**

I perioden fram mot nyttår er det planlagt to styremøte. Desse vil finne stad på datoane 7. september og 23. november. I tillegg skal det arrangerast møte i fagleg rådgjevande utval i løpet av oktober.

### **Opningsarrangement Kamperhamrane**

Fredag 31. juli vert det opning av stien over Kamperhamrane som «historisk vandrerute». Arrangementet er i regi av DNT og Riksantikvaren, og kjem til å finne stad på Sunndalssetra i Stryn.

## **RS 3/15 Revidering av forvaltningsplanen - gjennomgang og diskusjon av førsteutkast til kapitel om motorferdsle**

Styret gjekk gjennom det framlagte utkastet og diskuterte dette. Kapitlet skal også gjennomgåas på eit seinare tidspunkt.